

MEDLEMSBREV "BEVAR HEIANE" 5. JANUAR 2017

Styret i "Bevar Heiane" består pr.dags dato av: Knut Risnes (styreleiar); Elfrid Ovedal, Terje Risøen, Tom Birger Urdal (alle styremedlemmer). Fridtjof Jaatun (sekretær).

OVERSIKT OVER KVA SOM HAR VÆRT GJORT FRAM TIL I DAG AV STYRET OG MEDLEMMER I "BEVAR HEIANE."

Dette brevet går til alle vi har mailadresse til "Bevar Heiane" blei stifta 01.06.14 etter at "Buheii Vindkraftverk" vart meldt til NVE. Det går også til sympatisørar og støttespelare. Ein har heile tida kjempa både mot "Tonstad Vindpark" og "Buheii Vndkraftverk."

Tonstad Vindpark:

Da "Bevar Heiane" blei stifta, var saka om "Tonstad Vindpark" til klagebehandling i OED (Olje og Energidepartementet). Det gjekk ikkje vår veg her. Konesjon til "Tonstad Vindpark" blei gjeven 7.09.15. 14.10.15 søkte "Havgul" (eigar) om å utvida vindkraftverket i søraust, i Kvinesdal. Dette området var med i opphavleg plan, men blei trekt attende då Kvinesdal kommune var sterkt negativ til dette. Kvinesdal kommune gjekk imot utviding i kommunestyret 16.12.15, og det same gjorde Vest-Agder fylkeskommune. "Bevar Heiane" oppsøkte partigruppene for andre gang (første gangen var mot utbygging av "Buheii Vindkraftverk") i Kvinesdal kommune og heldt innlegg, og sende inn høyringsfråsegn imot utviding. 11.11.16 ga NVE avslag på søknaden om utviding av "Tonstad Vindpark." Det var iallfall litt å glede seg over.

Vår vurdering: Vi er redd for at det i framtida kan koma nye søknader om utviding. Vi treng difor å vera på vakt. Det er fint om "Bevar Heiane" kan få melding dersom nokon kjem over informasjon som tyder på planar om utviding.

Buheii vindkraftverk

"Hybridtech" og "Nordisk Vindkraft" sende inn "Melding om Buheii Vindkraftverk" 12.08.10 til NVE. Vi var mange som sende inn protestbrev.

"Bevar Heiane" blei stifta av fleire av dei som hadde vore aktive i "Nei til Tonstad Vindpark" og andre som engasjerte seg mot "Buheii Vindkraftverk". Styret er frå Kvinesdal og Sirdal. "Nei til Tonstad vindkraftverk" gjekk etter dette inn i "Bevar heiane". 12.10.14 sende "Hybridtech" og "Nordisk Energi" konsesjonssøknad til NVE. "Bevar Heiane" la mykje arbeid i si høyringsuttale som blei sendt NVE 15.12.14, og mange av medlemmene sende innspel og skreiv. "Bevar Heiane" har dessutan gjennomført:

- Informasjons- og debattmøte på Knaben 22.08.14
 - Laga løpesetel
 - Underskriftaksjonen der lister blei lagt ut på landhandelen på Knaben, fekk om lag 400 underskrifter. Talet for tilsvarande aksjon i Fjotland-området var 60-70 underskrifter.
 - Innlegg i partigruppene (nevnt ovanfor) i Kvinesdal før kommunestyrevedtaket
 - Befaring i regi av NVE med tur frå Tonstad til Risnes
 - Avisinnlegg frå fleire i "Bevar Heiane"
- 17.09.15 ga NVE konsesjon. Sirdal kommune og Fylkesmannen i Vest-Agder har reist "innsigelse." ---
- OED har klagen inne til behandling. Dei kjem med ei endeleg avgjerd snart, vinteren/våren 2017.
 - "Bevar Heiane" sende klage til OED 8.10.15.

- Styre og andre aktive medlemmer i "Bevar Heiane" heldt innlegg på møte som OED arrangerte 29.06.16. på "Utsikten" i Kvinesdal.

-Dei var med på nok ei befarung på Knaben og i Tonstadheia, som altså blei arrangert av OED, i etterkant av møtet. Vi i "Bevar Heiane" har merka oss at verken NVE eller OED har lagt sine befaringer inn i sjølve planområdet dvs. der "Buheii Vindkraftverk" skal ligga. På den måten unngår ein ved direkte sjøvsyn å vurdera og ta stilling til kvalitetane og naturverdiane som heieområdet Buheii og Flein representerer.

- Styre og aktive medlemmar i "Bevar Heiane," blei etter initiativ frå Helge Briseid Risnes, invitert inn til eit møte i OED 20.11.16. Innlegga som blei haldne, blei også oversendt skriftleg.

Tilslutt vil vi seia at vi setter stor pris på all moralsk og økonomisk støtte vi har motteke frå vår støttespelare og medlemmer. Vi vil fortsette arbeidet vårt med å stoppa utbygging av heia vår i Sirdal og Kvinesdal. Økonomiske bidrag til arbeidet vårt, mottas med takk ! Penger kan settes inn på kontoen vår i Kvinesdal Sparebank. Kontonummer: **3080.34.48279**

Vi gjer merksam på at alt arbeid i aksjonen vår er ubetalt og idealistisk basert.

Styremøte, sjå vedlagte møteinnkalling som er ope for alle medlemmer og sympatisører enten det er fastbuande eller hyttefolk, **onsdag 11.januar 2017 kl.18** på Tonstad Bakeri. Av omsyn til mat og kaffebestillinga til Tonstad Bakeri må vi ha svar, mob 95021732, innan tysdag 10.janur kl.12.

Fridtjof Jaatun

Sekretær for Bevar Heiane

Mob95021732